

# Langavassmyrane

## BRUSHANESPEL


*Brushanespelet på LANGAVASSMYRANE er det einaste kjende på Hardangervidda. Årleg trekkjer festivalen til seg bøner frå heile Vidda. Myra er òg den rikaste våtmarka i fylket. Den grønne oasen ligg i eit steinete morenelandskap nokre timars gange sør for Dyranut.*

Det om lag 3 km<sup>2</sup> store deltaet i inste enden av Langavatnet er det fuglelivet som har gjort kjent. Ornitologisk er staden godt utforska. I Langavatnet finst ein god hekkebestand av alpine dukkender – eit samleomgrep som blir nytta om artane bergand, sjøorre, svartand og havelle. Ein annan andeart, toppand, har auka monaleg i tal på Hardangervidda dei siste tiåra, også som hekkefugl.

I Langavatnet har fuglane gode næringstilhøve med mykje marflo og skjoldkreps. Men ein del ender set livet til i fiskegarn. Garndauden er ekstra ille ettersom alle desse artane, med unntak av toppanda, i dag er uvanlege hekkefuglar i Sør-Noreg.


Vadefuglane er meir talrike enn dukkendene. Ei rekkje artar hekkar på Langavassmyrane, slik som den hektiske symjesnipa, som ikkje er å finna mange andre stader på Hardangervidda. Det er likevel brushanespelet som skjer i juni, som er mest spesielt for staden. På det meste har det vore sett 40-50 hannar på leiken, men berre 3-4 hoer er funne med reir på Langavassmyrane. Det kan sjå ut til at hoer kjem hit for å para seg med ein utvald make, for så å leggja egg ein heilt annan stad.

Hannane har alle ulike fjørkragar – to like finst ikkje. Det går tøft for seg på leiken, med slåsting og revirhevdning for å imponera hoene som ser på, men ikkje ein lyd er å høyra. Etter paringa forlèt hannane Vidda. Brus-



Bergender, bannfugl framme til bøgne.  
(Ingvar Grastveit)

Symjesnipe. (Jan Rabben)



Langavassmyrane mot Langavatn. (Svein Nord)

hanen er ein av dei aller første fuglane som startar hausttrekket til Afrika, alt tidleg i juli. Lirype hekkar òg på Langavassmyrane. Ho legg reiret på tørr grunn under vierkjerr. Vieren veks helst i tette kratt langsmed elvebreidder så høgt til fjells. Vierkjerrret er viktig for dei aller fleste fuglane som hekkar slike stader. Ute i myra er det ofte for vått for egga. Samstundes er faren for å



Brushanen har ein flott fjørkrage. (Morten Vang)

missa reiret i flaum stor. Fuglungane ville òg vera mykje meir synlege for fiskemåse og ramn om det ikkje var for denne buskvegetasjonen. Det er derfor om å gjera at fotturistar legg turen utanom vierkratt langsmed elvar og vatn.




Spelende brushanar. (Tbor Østbye)



## «GEITERYGGER»

Siste resten av innlandsisen i Hordaland smelta ned på Hardangervidda for om lag 10 000 år sidan. På slutten var isen tynn, og i det flate lendet på Vidda låg ban nesten heilt i ro. Geologar kallar dette daudis. Sand og grus vart avsett på elvebotnen i tunnelar under breen. Det rann ei slik smeltevasselv frå sørenden av Halnefjorden over til Tinnbølen og Langavatnet, og vidare gjennom Sildabudalen og over til Veigdalen.

Då isbreen smelta, kom det fram lange buktande sand- og grusrygger der elva hadde runne. Det er rart i ettertid å tenkja på at smeltevatnet rann oppe på desse «geiteryggene», eller eskerane som geologane kallar dei. Ryggene er ikkje alltid samanhengande. Det kjem av at det ikkje vart avsett materiale langs heile elva. I grusryggene var det tidlegare ofte bi etter fjellreven. Somme stader viser bia att enno.



Skisse som viser prinsippet for danninga av eskerar. (Wojtek Nemeć)